

Årsmelding 2020

Hardanger Kunstlag

Styret i Hardanger Kunstlag 2020

Leiar og skrivar	Johild Mæland
Kasserar og ansvarleg for fb	Siri Kvalfoss/ Knut Steinar Bu
Styremedlem	Svein Nå og Kari Kvinge Nå
Styremedlem	Tone Tveito Eidnes
Varamedlemer	Kjell-Erik Ruud og Hildegunn Jordal
Valnemd	Astrid Grønsnes
Nettansvarleg	Iben Mansfeld
Revisor	Britt-Eva Elje Kråkevik

Hardanger Kunstlag har hatt 4 styremøte i 2020.

Laget hadde i 2020 32 enkeltmedlemer og ein bedriftsmedlem (Utne hotel).

Årsmøtet vart p.g.a. koronapandemien utsett frå fysisk møte 11. mars til digitalt møte 3.6.

Arrangement og aktivitetar som vart gjennomført:

Registrering av kunstverk som var i offentlege bygg i Ullensvang herad ved samanslåing med Odda og Jondal. Mesteparten av dette arbeidet vart gjort på hausten 2019. (Sjå årsmelding for 2019) Siste finpuss med sjekking av titlar, kunstnarar, registreringsnr m.m. vart først ferdig godt innpå 2020.

Ein god del av kunstverka er eigd av Hardanger Kunstlag. Desse har heradet, og no Ullensvang kommune, fått låne utan vederlag. Til gjengjeld vil kommunen betale forsikring for kunstlaget sine kunstverk.

Hardanger-Berlin - Kunstnarhusværet i Berlin.

Hardanger Kunstlag har sidan 2016 vore ansvarleg for leigekontrakta og administrering av ordninga. Utgiftene vart i 2020 betalt av eit spleiselag som besto av: Kommunane i Hardanger, Harding Puls og Hardanger Kulturråd. Pga koronapandemien var det ingen av dei som hadde fått tildelt opphald etter februar som drog nedover. - Inntekt frå husleige av brukarane fall dermed bort.

Kunstnarar som fekk tildelt opphald i Berlin 2020:

Reidun Horvei, Lars Ove Seljestad, Aud Bækkelund, Eidfjord kommune (vedlikehald), Torleif Bay, Kwestan Jamal Bawan, Eidfjord kommune (gjestekunstnar Ellen Solberg), Knut Hamre, Vigdis Nielsen, Silje Solvi, Ingunn van Etten, Benedicte Maurseth saman med Stein Urheim.

Leiar i Kunstlaget har hatt fleire møte med leiar i Hardanger kulturråd og kultursjef i Eidfjord Lisbeth Bygstad Celik og sekretær i Hardangerrådet Trude Rinaldo for å organisere drifta vidare. Bare tre av kommunane i Hardanger har inngått femårsavtale om støtte til ordninga. Ein bør få på plass meir forutsigbar økonomi med avtale om støtte som går over fleire år. - Fleire samarbeidspartnarar eller utvida det geografiske området til nabokommunar til Hardanger? Husleigegebyret for dei som bur i husværet er frå 2021 vert auka til 100 kr pr døgn pr vaksen.

Utstilling med maleri av Else Johannessen på Grimobutikken 7.11.2020 -2.1.2021

Johannessen som var frå Bergen leigde i lag med familien ei årrekke sommarhus på Trones. Der malte ho flott bilde med motiv frå garden, nabobruka, utsikt mot fjorden og fjella. Mange av bilda som utsikt frå stoveglaset med blomebukettar på bordet.

På utstillinga vart det vist 51 maleri. Noken med motiv frå Haugastøl og Bergen resten frå Trones og nærområde. 28 av maleria var til salgs medan resten var lånt til utstillinga av familien, Lise og Nils Trones og eit frå Utneheimen.

Pga. Smittefaren vart opninga digital og streama direkte på fb-sida til butikken. Program ved opninga var tale av dotter til Else Johannessen Tine (Anne Christine) Johannessen. Familien på Trones skreiv ei fin tale ført i pennen av Erlend Trones der dei fortalde om gode minner frå samvær med Johannessen. Dette og talen til Tine låg samla i ein perm saman med avisartiklar om kunstnaren i utstillingslokalet.

Utstillinga var godt besøkt. Familien ville gjerne at maleria frå Hardanger skulle koma tilbake til Hardanger og sette ein låg og eins pris på kr 3000 på kvart av maleria.

15 bilde vart solgt.

Astrid Grønsnes og Ragnhild Lund hadde hovudansvaret med å organisere utstillinga. Stor takk til dei!

Utstilling med maleri av An Doan Nguyen «Et underlig fenomen» på Hardanger folkemuseum 17.10. – 13.11.

Denne utstillinga kom i stand ved at Kjell-Erik Ruud la ut vakre foto av utsikten frå stoveglaset sitt på Utne på Fb. Han fekk mange likes og visningar. Ein av dei frå biletkunstnaren An Doan Nguyen som vart bergtatt av bildet og interessert i å kom til Hardanger for å male natur. Han vart invitert til Hardanger og hadde deretter utstilling på folkemuseet. Kjell-Erik kuraterte utstillinga og organiserte den på vegne av Hardanger Kunstlag i samarbeid med Hardanger folkemuseum. Utstilling vart godt besøkt, bra presseomtale og ganske bra sal.

Juleutstilling 29.11.2020 – 1.1. 2021 i Galleri Nyland i regi av Odda kunstforening.

Medlemmer i Hardanger Kunstlaget og Måndagsmålarane i Kinsarvik vart invitert av Odda kunstforening til felles juleutstilling i deira nye Galleri Nyland på Nyland i Odda. Fem av Hardanger Kunstlag sine medlemmer deltok.

Tone Tveito Eidnes var på opninga og helsa frå styret.

Aktivitetar som var planlagde i 2020, men utsett pga koronapandemien

Kunstnarsamtale med Ingunn van Etten og Svein Nå under leiing av Mette Bleken på Odda bibliotek.

Dette er no planlagt flytta til Agatunet 8.mai for å vera del av opningsprogrammet av sommarutstillinga der begge kunstnarane skal delta og visa nye verk under temaet *Hus*.

Medlemsmøte der to nyttilflytta kunstnarar vil ha sjølpresentasjon. Dette håpar me skal bli mulig å gjennomføra hausten 2021.

Hardanger Kunstlag er medlem i Norske Kunstforeninger.